



ÅRDAL KOMMUNE
Statsråd Evensensveg 4-6
6885 ÅRDALSTANGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Halvor Røssum, 5764 3144

Referat frå innleiande møte med kommunane om oppdrag "Bevaring av verdifull natur"

Tid og stad:

28. april 2023, 09.00 – 11.00, på Teams.

Deltakarar:

På møtet var det representantar frå følgjande kommunar:

- Stord, Øygarden, Årdal, Kinn, Luster, Askøy, Austevoll, Gulen, Askvoll, Gloppen, Alver, Sunnfjord, Bømlo, Kvam, Solund, Fedje, Austrheim, Stad, Etne.

Statsforvaltaren i Vestland var representert ved Kjell Kvingedal (miljødirektør), Eline Orheim (seksjonsleiar), Stein Byrkjeland (fagdirektør), Magnus Johan Steinsvåg (seniorrådgjevar), Tore Larsen (seniorrådgjevar) og Halvor Røssum (rådgjevar).

Referat:

Kjell Kvingedal ønskte velkommen til møtet. Deretter fortalte Tore Larsen om den spesielle og unike Vestlandsnaturen. Vidare vart bakgrunnen for oppdraget vårt presentert, saman med status for nasjonalpark-delen av oppdraget. Magnus Steinsvåg, Stein Byrkjeland og Tore Larsen sa deretter nokre ord om alle kandidatområda. Ei nettside med kart og omtale av alle områda, ei såkalla kartforteljing, vart brukt som utgangspunkt for denne gjennomgangen. Magnus Steinsvåg fortalte deretter om kva vern vil innebere i praksis, og den vidare prosessen før det vart opna for spørsmål og innspel.

Joar Helgheim frå Sunnfjord kommune spurte om vi kunne seie noko om statlege midlar til å dekkje skjøtselsbehov, restaurering, tilrettelegging, formidling osv., og om vi opererer med ein standardsats per område, eller om det blir gjort behovsvurderingar for kvart område. Magnus Steinsvåg svarte at det finst standardsatsar, men at dei blir brukt som rettesnor, og at det er rom for å justere bruken av midlar etter behova i det enkelte område.



Anne Kristine Dyrdal frå Solund kommune lurte på om områda skal kartleggast ytterlegare i denne prosessen, og om det er fare for at verneverdiane kan ha gått tapt sidan kartlegginga vart gjennomført. Magnus Steinsvåg svarte at dette er noko som kan skje i kulturbetinga natur, til dømes om bruken av området har endra seg. I det aktuelle området i Solund kommune er det naturbeitemark, og attgroing frå kantane er kanskje den største trugselen i så måte for dette området. I slike tilfelle vil det vere mogleg med skjøtsel å rydde bort skogen og ta opp at drifta. Då vil naturverdiane og artsmangfaldet kome tilbake til dei områda. Dersom det har blitt gjødsling med kunstgjødsling er det dessverre meir sannsynleg at artsmangfaldet knytt til beitemarksoppar er borte.

Asbjørn Nagell Toft frå Austrheim kommune peikte på at skjøtelsmidlar og skjøtelsplan må på plass tidleg i prosessen. Det gjeld til beiting, slåing, sviing og fjerning av sitkagran/framande treslag/plantar. Også eksisterande viktige ferdselsstiar og anna tradisjonell bruk for folk i området må avklarast (jakt/fiske). Vidare fortalte han at Austrheim kommune, og ordføraren der, er positive til vern av vassdraga i og omkring Purkebolvatnet, og at det kan vere aktuelt å utvide området nordover. Rundt dette området er det viktige og populære turområde, men ferdselen her går på godt opparbeidde turveggar/turstiar. Statsforvaltaren svarte at det er ønskeleg å få på plass forvaltningsplanar så tidleg som råd, men at det er eit spørsmål om ein har mogelegheit til å prioritere arbeid med forvaltningsplanar/skjøtelsplanar i tidleg fase. Sidan vi har mange område å arbeide med vil vi gjerne ha innspel frå kommunane dersom dei ønskjer at vi skal prioritere nokre område over andre.

Randi Erdal frå Kinn kommune spurte kva inntrykk vi har frå vår kontakt med grunneigarar så langt. Vi svarte at vi ikkje har vore i kontakt med mange endå, sidan vi er i ei så tidleg fase av prosessen.

Hanne Marie Utvær frå Stad kommune spurte om kva eit eventuelt vern av Hoddeviksanden vil kunne få for den bruken av området som er i dag. Ho lurte også på kva ein eventuelt kan forvente av statleg medfinansiering av forvaltning av desse områda. Til slutt peikte ho på at det er snakk om store område som eventuelt skal bli verna på Stadlandet, og at kommunen difor ser eit stort behov for ei god og heilskapleg forvaltning. Å ha ein forvaltar tilsett i full stilling, løna med statlege midlar, kan vere ei god løysning som kan sikre ei heilskapleg forvaltning av dei store verdiane i Stad kommune – både på land og til havs. På spørsmålet om Hoddeviksanden svarte Stein Byrkjeland at det neppe vil bli noko særleg endring på denne bruken om det blir verna. Vårt ønske er å bevare Hoddeviksanden samstundes som området kan nyttast på same måte som i dag. Han peikte også på at Hoddeviksanden er eit god skjøtta område, og at grunneigarar og andre skal ha honnør for dette. Til innspelet om ei heilskapleg forvaltning av Stadhalvøya svarte Kjell Kvingedal at kommunen kan spele inn slike ønske i den vidare prosessen, og at det er særleg aktuelt med ei forvaltarstilling eller liknande når det er snakk om så store område som det er på Stadhalvøya.

Annbjörg Bue frå Etne kommune spurte om det er aktuelt å verne også det dyrka arealet som grensar til Etneosen, og kva type verneform som blir aktuelt her. Vidare spurte ho om det er naturleg å lage reguleringsplan for verneområdet for å gi vernet ekstra tyngde? Vi svarte at reguleringsplan for verneområdet neppe vil vere naudsynt. Kva type vern som er mest aktuelt her vil prosessen vise, og uansett er det slik at det er sjølve verneforskrifta som har mest å seie for restriksjonane i området – ikkje kva verneform det er. Om det skal vere aktuelt å inkludere dyrka mark i verneområdet må det eventuelt vere i samråd med grunneigarar.

May-Lynn Osland frå Gulen kommune spurte om grunneigarane kan få «straff» dersom dei ikkje har tid/overskot/ønske om skjøtte område. Vi svarte at straff på ingen måte er aktuelt, og at ei mogeleg løysning i slike tilfelle er å forsøke å få andre til å skjøtte området. I tillegg stilte ho eit spørsmål om kystlyngheia på Sandøy, som har industriområdet i Skipavika som næraste nabo. Vil verving av



område på Sandøy få konsekvensar for denne næringa? Vidare peikte ho på at kystlyngheia her ikkje er skjøtta dei siste 40 åra, og at det ligg eit tjukt lag med steinstøv over etter knuseverket i Skipavika. Korleis skal ein då forvalte dette området? Tore Larsen svarte at det i dag er ein veg som utgjer vestleg grense for industriområdet, og at eit eventuelt verneområdet ikkje vil krysse denne vegen. På oppfølgjande spørsmål frå May-Lynn Osland bekrefta Tore Larsen at det er vernegrensa som bestemmer kva område som blir påverka av verneforskrifta, og at det difor er lite truleg at industriaktiviteten blir påverka av eit verneområde. Av skjøtsel i området er hjorten viktig, og den kan også vere aktuelt å ta opp att brenning av lyng. Dette er spørsmål ein må kome attende til.

Morten Storebø, ordførar i Austevoll kommune, spurte om korleis vi legg opp framdrift av arbeidet og forankring i kommunane med tanke på at kommunestyra blir skifta ut på hausten. Kjell Kvingedal svarte at det er naturleg å ha ei fagleg tilnærming til prosessen fram til i haust, og så kome attende til kommunestyra utpå hausten. Men, om kommunestyra vil ta tak i sakane no før sommaren er det opp til dei bestemme dette.

Tonje Ramse Trædal spurte om det kan vere aktuelt å kombinere tilskot gjennom UKL-ordninga med tilskot gjennom utvida vern, til dømes i Hoddevik. Stein Byrkjeland svarte ja på dette spørsmålet.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Magnus Johan Steinsvåg
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakerliste:

LUSTER KOMMUNE	Postboks 77	6866	GAUPNE
ASKVOLL KOMMUNE	Askvollvegen 426A	6980	ASKVOLL
GLOPPEN KOMMUNE	Grandavegen 9	6823	SANDANE
SOLUND KOMMUNE	Hardbakke 26	6924	HARDBAKKE
AUSTEVOLL KOMMUNE	Birkelandsvegen 2	5392	STOREBØ
AUSTRHEIM KOMMUNE	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
SOGNDAL KOMMUNE	Postboks 153	6851	SOGNDAL
ASKØY KOMMUNE	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
BREMANGER KOMMUNE	Postboks 104	6721	SVELGEN
KVAM HERAD	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
STORD KOMMUNE	Postboks 304	5402	STORD
SUNNFJORD KOMMUNE	Postboks 338	6802	FØRDE
BØMLO KOMMUNE	Rådhuset Leirdalen 1	5430	BREMNES
FEDJE KOMMUNE	Stormarkvegen 49	5947	FEDJE
STAD KOMMUNE	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
ETNE KOMMUNE	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
ÅRDAL KOMMUNE	Statsråd Evensensveg 4-6	6885	ÅRDALSTANGEN
KINN KOMMUNE	Postboks 294	6701	MÅLØY
ØYGARDEN KOMMUNE	Ternholmvegen 2	5337	RONG
GULEN KOMMUNE	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
ALVER KOMMUNE	Postboks 4	5906	FREKHAUG